

Referat frå møte 3 i SU/SMU

Stad:	Ågotnes sk.	Dato:	12.02.2025	Møtenr.:	3/2024-2025
Referent:	Magne Abelsen (avd.leiar)				
Tilstades:	Jonatan Eriksson-Kvalvik (leiar elevråd), Olav Skutle Lie (nestleiar elevråd), Ane Monsen Rong (leiar FAU), Anja Stigen Mikkelsen (nestleiar FAU), Tore Foldnes (rektor), Stian Telle (kommunal representant), Aina Kolstad (rep. lærar), Laila Nordvik (rep. lærar), Møyfrid Olsen (andre tilsette)				
Ikkje møtt:					

Tema:	Kva:	Oppfølging:
Saker frå skulen:	Orienteringssaker ved rektor - Stafett for livat 31.5 - 01.06. Ope lag, FAU fått invitasjon og kan melde seg på. - Parkeringsplassen i "myra" skal vere klar 1. mars. I samanheng med ny parkering, har bommen ved hallen blitt flytta lengre ut mot parkeringa med Tranevågen-terminalen og skulen har fått mekanisk bom utanfor kantina. Bommen ved Tranevågen-terminalen står ope på dagtid fram til kl. 14.30. - Skulane Ågotnes, Landro og Toftøy har eit samarbeid med Læringsmiljøsenderet knytt til skule-heim-samarbeid. Denne veka gjennomfører Læringsmiljøsenderet intervju med nokre lærarar og føresette ved alle tre skulane. Prosjektet inneheld eit forskingsprosjekt, med mål om å finne gode punkt for eit godt samarbeid mellom skule-heim. - Skålevik skule har stengt hovudbygget grunna funn av asbest. Skålevik har fått tre klasserom og eit grupperom til elevane på mellomtrinnet, 5.-7.klasse. Førebels veit vi at elevane skal vere på Ågotnes fram til vinterferien, og ein kartlegg behovet for kva som må gjerast med asbest på Skålevik skule. 3. og 4.trinn er på Ulveset og 1. og 2.trinn er i brakkebygg på Skålevik. (14.02.25 kom det beskjed om at stenginga ved Skålevik er forlenga, og elevane på mellomtrinnet vil låne rom på Ågotnes ut skuleåret. - Tilsyn frå Arbeidstilsynet knytt til muskel- og skjelettplagar og psykiske plagar blant tilsette. Fire	



	andre skular i kommunen har hatt tilsvarande tilsyn og fleire av dei har fått pålegg om utbetringar. - Skulen ønskjer å flytte ein planleggingsdag frå 30. januar til torsdag 6. november, slik at det blir planleggingsdag både 6. og 7. november hausten 2025. - Skulen har dei siste åra hatt skidag med alpin på Voss, i samarbeid med FAU. Rektor og leiinga ved Ågotnes vil stoppe å ha skidag, då vi no har leirskule om vinteren, der elevane får eit tilbod om ski og skileik. - Refleksdag tysdag 21. januar. FAU tok initiativ til å dele ut refleksar til alle elevane, og gjorde det i lag med leiinga og nokre lærarar om morgonen når elevane kom til SFO og skule. Lærarane viste ein video frå Trygg trafikk i klassane og snakka om kvifor det er viktig å bruke refleks. Framover ønskjer vi å kople på elevrådet og ser at det er ønskeleg med lik refleks til alle elevane - Rektor gjekk gjennom resultata frå Nasjonale Prøver og Elevundersøkinga. Nasjonale Prøver vert gjennomført i lesing, rekning og engelsk på 5.trinn. Elevundersøkinga blir gjennomført på 5., 6. og 7.trinn. Resultata på NP varierer. Vi er ikkje nøgde med resultata i lesing og rekning, men har gode resultat i engelsk. Skulen har satsa på lesing i fleire år. I år er vi med på DeKomp med fokus på lesing. Vi arbeidar med å bli ein Dysleksivennleg skule og vi bruker midlar på å kjøpe inn bøker til biblioteket. I lærarpersonalet har vi jobba med lesekvart og leselekse for å finne måtar der vi kan få best mogeleg utbyte av arbeidet med lesing. Resultata frå Elevundersøkinga er også dårlegare enn ønska. Skulen vil halde fram arbeidet med skulemiljøet, og FAU ønskjer å bidra inn i arbeidet. Rektor viste til planane våre for satsing på lesing og skulemiljø. - Det vert Kvalitetsdialog med skulesjef og konsulent onsdag 26. mars kl. 08.30-11.30. Skulen skal presentere satsingsområde i tråd med kommunen sin plan "Framtidas skule". RekTore ønskjer å ha ein dialog med SU-representantane frå FAU og med elevrådet.	
Saker frå SFO:		

Saker frå elevrådet:		
Saker frå FAU:	- Natteravnene frå Tranevågen har kopla på føresette til 7.trinn på Ågotnes skule, og dei har fått ein fredag i månaden. - Ane har fått avtale om tre store klestativ til brukt butikk i kantina. Klestativa skal stå i bomberommet vegg i vegg med kantina. Bomberommet må ryddast for å gje plass til klestativa. - Førespurnad om porten i skuret. Porten skal vere open, men tidlegare i vinter har den vore lukka nokre dagar av ulike grunner. - Robustbustader i Ågotnesområdet. FAU har blitt kontakta av fleire som underer seg over at det skal byggjast fire robustbustader i området på Ågotnes, og saman med FAU Tranevågen og fleire grendalag/velforeiningar har dei skrive brev og sendt via e-post til politikarane med vara i kommunestyret. Ane orienterte om innhaldet i brevet og tok opp fleire punkt som FAU undrar seg i samanheng med dei kriteria som kommunen har laga for plasseringa av robustbustadane.	